

Elevskrivar Ida -
korleis kan vi hjelpe henne vidare?



Oppgaveformuleringa:

Kva treng ei plante for å leva?

Berre eit forskingsspørsmål.
Ikkje eit skriveoppdrag.
Tilleggsinformasjon er derfor
nødvendig.

Eventuelle tilleggsopplysningar som blei gitt til elevane:

- 1.Finn ei plante med rot ute.
 - 2.Planleggjing:
 - Skriv kva du vil gjera.
 - Skriv kvifor du vil det.
- Hypotese:
- Skriv kva du trur vil skje.
 - Kva skjedde.

Oppdrag om å skrive FØR,
UNDERVEGS og ETTER sjølve
forskningsprosjektet.

Skrivehandling og -føremål

Den primære skrivehandlinga er å *utforske*.
Skriveføremålet er *kunnskapsutvikling*.

Mål med arbeidet: *skriva, resonnera, utforska, gjera forsøk, laga hypotese*



(Elevene får kutt sitt skjema på A3-ark)

NAMN:

Å utforska: "Kva treng ei plante for å leva?"

Dette vil eg:

Skriv kva du vil gjera.

Skriv kvifor du vil det.

1. forsøk

2. forsøk

3. forsøk

4. forsøk

Hypotese:

Skriv kva du trur vil skje.

Kva skjedde?

KOMMUNIKASJON: Eg skriv til meg sjølv.



TEKSTOPPBYGGJING: Eg skriv spoletekst (innleiing, midtdel og avslutning).



SPRÅKBRUK: Eg viser tydeleg at eg utforskar kva ei plante treng for å leva.

Eg brukar bindeorda difor, fordi, altså, men, dersom, sjølv om, på grunn av



RETTSKRIVING: Eg skriv orda når, gi, skjer, vatn, skal, vil,



SKRIFTMEDIET: Eg har avsnitt når eg skriv om noko nytt (ny 2 ar).



KVA TRENG EIT PLANTE FOR OG LEVA?

Kva treng egentlig ei plante for å leve?
No skal eg forske på kva som skjer
når plantene, i det første, andre, tredje og
fjerde forsøk mangler ting, som utan vater,
mold, luft og lys.

På første forsøk så fant eg mold og eit
dykketorglas. Og så tok eg molden oppi
glaset og så sjolve planten. Eg sat deretter
planten i vindauge. No skal eg sjå korleis
det går utan vater. Eg vil det fordi det er
spenndes og sjå kva som skjer. Eg har
den visne og blir røtt. Planter oss
slapp og røtt, og sjå om det visner.



Bruk av skriftmediet

- God bruk av mellomrom
- Inkonsekvent markering av avsnitt
- Markerer overskrifta tydeleg
- Fin handskrift
 - samanhengande og svært godt leseleg
- Illustrasjon?

Kva treng egentlig ei plante for å leve?

No skal eg forske på kva som skjer

På første forsøk

2. forsøk

Neste forsøk

4. forsøk

No har eg forska

Bruk av skriftmediet

- God bruk av mellomrom
- Inkonsekvent markering av avsnitt
- Markerer overskrifta tydeleg
- Fin handskrift
 - samanhengande og svært godt leseleg
- Illustrasjon?

Vurdering: M4?

Eventuell tilbakemelding:

*Du er god til å dele inn i avsnitt. Pass på at dei blir sjåande likeins ut.
Kva med illustrasjonar av dei fire forsøka?*



Teiknsetjing

- Meistrar – komma ved oppramsing, mellom heilsetningar, framfor ‘men’
- Bruker punktum rett – jamvel stilistisk
- Meistrar bruk av spørsmålsteikn
- Bruker hermeteikn (manglar éin gong: utan luft)

Vurdering: M5?

Eventuell tilbakemelding:

Flott at du bruker hermeteikn på det du skreiv på merkelappane! Du har gløymt det éin plass, men du viser at du kan dette.



Rettskriving og formverk

- Meistrar samskriving av samansette ord
- Bruker stor forbokstav der det skal vere
- Og/å-feil i overskrifta (men riktig i første setning!)
- Meistrar dobbel konsonant, med nokre få unntak: *spenandas, grun, plastik*
- Meistar ortografisk skriving, nokre få unntak: *vaten, vattn, vatn ... , sjansje, råttan*
- Morfologiske feil: *gjidde, mangler, visner, tørker*

Vurdering: M 4 el. 5?

Eventuell tilbakemelding:

Svært få feil – færre enn dei fleste fjerdeklassingar.

Tre ord som skjemmer teksten (gula ut) → dei må du lære å skrive rett.



Språkbruk

- Fagomgrep: *forske, forsøk ... trur* (hypotese-markørar)



Forsknings- ord

No skal eg **forske** på **kva som skjer** når plantene, i det første, andre, tredje og fjerde forsøk mangler ting, som utan vaten, mold, luft og lys.

På første **forsøk** så fant eg mold og eit syltetøyglas. Og så tok eg molden oppi glaset og så sjølve planten. Eg sat deretter planta i vindaugget. No skal eg **sjå** korleis det går utan vatn. Eg vil det fordi det er spennandes og **sjå kva som skjer**. Eg **trur** den visner og blir råttan. Planten var slapp og råttan. Og ein smule visna.

2.forsøk gjidde eg han ikkje mold.

Men han fekk vatn. Og lys og litt luft. Eg **trur** den har ein liten sjansje på grun av eg **trur** det ikkje er så viktig med mold.



Språkbruk

- Fagomgrep: *forske, forsøk ... trur* (hypotese-markørar)
- Variert og nyansert ordforråd: *en smule visna*
- Setningsemne som stilistisk verkemiddel
- *nei, ja* – indikerer svar på spørsmål/hypotese som ho sjølv har stilt – og overrasking. Verkemiddel skaper spenning. Held oss fast i undringa.
- Mange setninger begynner med «Og (så)».
- Skifte mellom verbtider → preteritum, presens og futurum.



Verbformer

Kva treng egentlig ei plante for å leve?
No skal eg forske på kva som skjer
når plantene, i det første, andre, tredje og
fjerde forsøk mangler ting, som utan vaten,
mold, luft og lys.

På første forsøk så fant eg mold og eit
syltetøyglas. Og så tok eg molden oppi
glaset og så sjølve planten. Eg sat deretter
planta i vindaugget. No skal eg sjå korleis
det går utan vatn. Eg vil det fordi det er
spenandes og sjå kva som skjer. Eg trur
den visner og blir råtten. Planten var
slapp og råtten. Og ein smule visna.

2.forsøk gjidde eg han ikkje mold.

Men han fekk vattn. Og lys og
litt luft. Eg trur den har ein liten
sjansje på grunn av eg trur det ikkje
er så viktig med mold. Og eg hadde
nesten rett, den var bare litt råtten

Neste forsøk skal planten

ikkje få luft. Og det gjer eg sånn... Eg
finn teip, plastikpose, vatn, mold og eit
syltetøyglas. Eg tok molden, planten og
vatn oppi glaset. Og så tok eg posen
rundt og teip over der igjen. Og så
skreiv eg utan luft. Eg trur den tørker
ut og visner. Nei, den var visna og



Språkbruk

- Fagomgrep: *forske, forsøk ... trur* (hypotese-markørar)
- Variert og nyansert ordforråd: *en smule visna*
- Setningsemne som stilistisk verkemiddel
- *nei, ja* – indikerer svar på spørsmål/hypotese som ho sjølv har stilt – og overrasking. Verkemiddel skaper spenning. Held oss fast i undringa.
- Mange setninger begynner med «Og (så)».
- Skifte mellom verbtider → preteritum, presens og futurum.

Vurdering M4

Eventuell tilbakemelding:

Det er flott at du nyttar mange ord som syner at det er eit forskningsprosjekt du har vore med på.

Du byrjar mange setningar med «Og så» – sjå om du kan finne andre måtar å starte desse setningane på.

Tekstopppbygging

- Innleiing, hovuddel, avslutning
- Hovuddelen delt i fire avsnitt: 1., 2., 3. og 4. forsøk
- Kronologisk
- Tematisk samanheng
- Bruk av koplingsmarkørar: *fordi* (1), *altså* (1), *på grun av* (1), *men* (5), *og (så)* (8)



Koplings- markører

På første forsøk så fant eg mold og eit syltetøyglas. **Og så** tok eg molden oppi glaset **og så** sjølve planten. Eg sat deretter planta i vindauget. No skal eg sjå korleis det går utan vatn. Eg vil det **fordi** det er spenandes og sjå kva som skjer. Eg trur den visner og blir råttan. Planten var slapp og råttan. Og ein smule visna.

2.forsøk gjidde eg han ikkje mold. **men** han fekk vattn. Og lys og litt luft. Eg trur den har ein liten sjansje **på grun av** eg trur det ikkje er så viktig med mold. Og eg hadde nesten rett, den vart bare litt råttan



Tekstopppbygging

- Innleiing, hovuddel, avslutning
- Hovuddelen delt i fire avsnitt: 1., 2., 3. og 4. forsøk
- Kronologisk
- Tematisk samanheng
- Bruk av koplingsmarkørar: *fordi* (1), *altså* (1), *på grun av* (1), *men* (5), *og (så)* (8)

Vurdering: M4 (5?)

Eventuell tilbakemelding:

Du har ein god struktur på teksten din – du syner at du har følgd dei skriverammene du fekk av læraren. Du bruker bindeord som syner samanhengen mellom dei ulike delane.



Innhald

Teksten har eit relevant innhald:

- kva ein treng for å gjennomføre forsøket
- kva ein må gjere før forsøket
- kva ein trur vil skje (hypotese)
- kva ein må gjere undervegs
- kva for resultat ein får

Presenterer eigne observasjonar og vurderingar.

Vurdering: M5

Eventuell tilbakemelding:

Du har med alt som er viktig for å forstå dette forsøket.



Kommunikasjon

Eleven...


- inntar ein skriveposisjon som «forskar»
- vender seg på ein relevant måte til ein eller flere kjende lesarar
- bruker ei overskrift som orienterer lesaren på ein relevant måte
- har tatt med alle relevante opplysningar som lesaren treng
- har skriva på ein tilnærma utforskande måte, slik at lesaren får vere med på forsøket

Vurdring: M5

Eventuell tilbakemelding:

Du skriv på ein slik måte at vi ser at du er ein forskar. Og nokre stader føler vi som les teksten din, at vi er med deg medan du gjer forsøket.

Summativ vurdering → meistringsprofil



Tilbakemelding

- Kor er eg på veg? (mål)
- Kor godt gjer eg det? (framgang?)
- Kva er neste steg? (korleis få til framgang?)



Kor er Ida på veg? (mål)

- Ida er på veg til å kunne resonnerer gjennom skrift, lage hypotesar, bruke språket til å utforske.



Kor godt gjer Ida det her?

- Ligg over det det er rimeleg å forvente på alle vurderingsområda
- Har ei oppbygging av teksten som tydeleg får fram den utforskande prosessen – med undring, hypoteselaging og sannsynlege konklusjonar
- Analyserer, forklarar og tolkar – i tillegg til at ho beskriv det ho gjer og observerer → utforskande tekst



Kva er neste steg for Ida?

Kva skal vi be henne arbeide spesielt med i neste versjon av denne teksten + i dei neste tekstane...?

Vi bør her trekkje inn forventningsnormene som gjeld etter sju års opplæring.



Det fins mange Ida-er i landet vårt.
Korleis kan vi hjelpe dei vidare?

